

## PRESSEMELDING

### VIKING FJORD AS MELDER SVART SAL AV LAKS TIL POLITIET

Viking Fjord AS, som er slakteriselskapet i Alsaker Fjordbruk-konsernet, er blitt kjend med at det over lengre tid har funne stad ulovleg, svart sal av laks frå slakteriet på Sunde i Kvinnherad kommune.

Selskapet ser svært alvorleg på saka. Undersøkingar har så langt avdekka at det over tid er eit betydeleg kvantum laks, som er seld mot kontant betaling. Omsetnaden har vorte halde utanfor selskapet si bokføring gjennom manipulering av selskapet sitt datasystem, og har difor heller ikkje vorte momsberakna.

Selskapet sin tidlegare slakterisjef/dagleg leiar har erkjent tilhøvet og slutta på dagen, då dette vart kjend.

Viking Fjord AS har meldt saka til politiet, og vil samarbeide med politiet i etterforskinga. Selskapet håpar at politiet si etterforsking vil gje oversikt over omfanget av ulovleg omsetnad, og at den tidlegare slakterisjefen/dagleg leiaren og eventuelle andre, som kan ha gjort straffbare handlingar, vert stilt til ansvar for dette.

Viking Fjord AS har sett i verk tiltak for å sikre at ulovleg sal frå slakteriet ikkje skal kunne skje igjen. Selskapet si verksemd går som normalt, trass i den uro og belastning saka har påført organisasjonen. Hans Helge Vik er konstituert som ny dagleg leiar.

Av omsyn til politiet si etterforsking kan Viking Fjord AS ikkje gje ytterlegare opplysningar om saka.

\* \* \*

Onarheim, 4. oktober 2018



for Viking Fjord AS

Gerhard Meidell Alsaker

styreleiar